

# VESTLANDETS HISTORIE



# VESTLANDETS HISTORIE

er Noregs første verkelege landsdelshistorie

- 1200 sider

- 1000 illustrasjonar

- 3 bind

- 29 fagfolk skriv dei 24 kapitla i verket

”Det tok tid før det blei vanleg å kalle den vestlege delen av Noreg for Vestlandet,” skriv professor Knut Helle i innleiinga til verket, rett og slett fordi det opprinnelege Noreg var Vestlandet og Hålogaland.

# Ei historie om Vestlandet

KNUT HELLE

Det tok tid før det blei vanleg å kalle den vestlege delen av Noreg for Vestlandet. For Jens Kraft var det ikkje naturleg å nytte denne nemninga da han i åra 1820–36 gav ut sin store Topographisk-Statistisk Beskrivelse af Kongeriget Norge; det tyder på at Vestlandet enda ikkje var rotfesta i gjengs norsk språkbruk. I staden skreiv Kraft om fogderia i «Det Vestenfjeldske Norge» – frå Jæren og Dalane i sør til Sunnfjord og Nordfjord i nord. Landet frå Sunnmøre og nordover var for Kraft det nordafjelske, medan resten av Noreg – sør for Dovre og aust for Langfjella og Rogaland – var det sønnafjelske.

frå kom det «nordmenn». Over Hardangervidda drog dei langs «nordmannavegar» framom Nordmannslågen og etter Nordmannslepene. Omvendt blei folk aust for fjellet kalla «austmenn» på vestsida.<sup>18</sup> Til Røldal kom dei med Austmannalia. På kyststripa lengst i sør fann Eilert Sundt at det gjekk eit tilsvarende skille mellom Nordlandet og Austlandet ved Eigersund. Når folk aust for dette skillet tok dei i det



Portrett av biskop Erik Pontoppidan frå 1749.

#### PONTOPPIDAN OM KLIMAET I AUST OG VEST

I Norges Naturlige Historie (1753) skriv Erik Pontoppidan om skilnaden på vinterklimaet vest og aust for Langfjella:

«Vinter-Luften er da her saa ganske temperert, at Havet altid staaer aabent for Fiskere og Seefærende, men Flørdene saare stieldm legges til, undtagen i de inderste Viige mod Fjeldfild, hvor den skarpe og tørre Nord-Ost-Vind falder af Landet. Paa de evrige Stæder mod Søe-Kysten i Vester, veed man, som sagt er, saare stieldm af nogen haard Vinter-Kuld eller vedvarende Frost-Veet at stige, skjønt Krysende, som da komme en Snees Mile Øster fra over Fjeldfild, fortælle os, at Vinteren der i lang Tid har været saare Streng. Denne forunderlige Adskillelighed udkræves nu, efter Skabens visse Øgermærke, til Landets Velfærd, thi som jeg nudi erindrede, at Øster-Landet trænger til haard Vinter for sin Nærings skyld, saa trænger Vester-Landet til sløp Vinter og Tøveet, efterdi dets Indbyggere fornemmelig hente deres Næring av Fiskerie paa Havet.»<sup>19</sup>

Ein kleivkar på veg mot aust over Hardangervidda i fotofana etter dei vestnorske «nordmennene». Han følger den nordre Nordmannslepa mellom Bjørndalheim og Hånefjorden i bakgrunnen i nord Hardangervidda.

vestnorske sildefisket, blei dei kalla austmenn til skilnad frå nordmennene langs den vestnorske kysten.<sup>20</sup> Men vestegdene kunne og setje seg sjølv i sentrum og halde Austlandet for å ligge lenger aust, frå og med grimstadværing.<sup>21</sup>

Astronomen og fysikaren Christopher Hansteen, som heldt seg til kompasset, blei forbløffa over skillet mellom aust og nord da han gjekk over vidda frå øvre Numedal til Eidfjord i 1821 (sjå ramme); han kjende visst ikkje til at Vest-Noreg heilt frå mellomalderen var rekna for å ligge «nord i landet» eller «nordafjells». Når folk aust for Langfjella heldt på dette, kom det av gammal tradisjon. Dei var ikkje uvitande om himmelretningane og visste sjølvsagt kvifor dei blei kalla austmenn på den andre sida av fjellet.

Det kan vere at det same skillet mellom nordmenn og austmenn låg bak allereie da Harald Hårfagre blei kalla krigarhøvding for «nordmennene» (drøttinn nordmanna) og herre over «austmennene» (allvaldr austmanna) i dei samtidige skaldetrofene om Håfrsfordslaget mot slutten av 800-talet. Nordmennene var her helst folk frå dei vestnorske områda i nord som han hadde lagt under seg før slaget, medan austmen-

nene var dei motstandarane han hadde sigra over i Håfrsford; dei kom sjøvegen austafra og rømde heim over Jaren etterpå (sjå bd. 2 kap. 1).

På same tid, omkring 890, fortalde hålogalendingen Ottar kong Alfred i England om heimlandet sitt, Nordmanna land – landet til nordmennene. Med det meinte han det langsmale kystlandet frå Hålogaland til Agder, som han og kalla Nordvegr – nordvegen.<sup>22</sup> Dette er den eldste kjende forma av namnet Noreg, og sikta etter alt å dømmme til kystleia som bant landet saman heile vegen nordover.

Ottars geografiske utgreiing syner da at det eldste Noreg var landet nordover langs den vest- og nordnorske kysten frå Agder til Hålogaland, og at nordmennene i opphavet var dei som heldt til der. Lengst sør budde dei nordmennene som seinare kom til å bli rekna for vestendingar, medan Ottar sjølv kunne fortelje at han budde lengst nord av alle nordmenn. Det norske riket var i utgangspunktet eit vestnorsk kystrike (sjå nedanfor). Da dette riket, og Noreg med det, blei utvida til å omfatte landet aust for Langfjella og sør for Dovre, levde det gamle nordmannlandet vidare som den nordlege eller nordafjellske landsde-



Aasta Hansteen måla dette portrettet av faren, Christopher Hansteen.

#### VITSKAP MOT FOLKELEG TRADISJON

Astronomen og fysikaren Christopher Hansteen, professor i amendt matematikk ved Universitetet i Christiania, gjekk 4.–7. juli 1821 over Hardangervidda frå Oppdal i øvre Numedal til Eidfjord i Hardanger. Han hadde med seg instrument for å gjere observasjonar i eit område som var dårlig kartlagt.

«Det Opdalske Compas, skulde man tro, havde en Misvisning af 90° mod Vest; thi den Verdens Kant, som hos alle andre Christne-Folk kaldes Vest, heder i denne dal Nord. Saaledes kalder de Hardangerne, der komme til dem over Fjeldet fra Vest, Normanner, at gaare fra Rogaland til Noerster eller over Fjeldet, kaldes at reise Nord paa; og Normann-Lougen Søe vil, efter deres Compas udlagt, siges 'en Søe, hvorfra Lougen udspringer, og som man maa reise forbi, naar man vil besøge Normannerne'. Førind jeg var kommen underveis med denne besynderlige Sprogbrug, kunde jeg aldrig blive enig med min Leder, naar vi talte om Beliggenheden af en eller anden Gjenstand. Endelig fik jeg Oplysning om den rette Sammenheng ved følgende cathetriske Dialog. Jeg: 'Er det ikke nu Middag?' Han: 'Jo'. Jeg: 'Stauer ikke Solen i syd om Middagen?' Han: 'Jo'. Jeg: 'Altsaa ligger jo hin Fjeldspids lige under Solen, ikke, som du siger, i Vest, men i Syd?' – Hiindtil var det gaaret godt, og han havde uden Vanskelighed indrømmet Præmisserne; men Conclusionen opbragte ham, og han svarede ganske tvært: 'Må kalder det intet saa mæ?' –»<sup>23</sup>



len, til skilnad frå det sønnafjelske området der det budde austmenn.

Men tilbake til Pontoppidan: Omtalen hans av eit eige «Vester-Land» innanfor det tradisjonelt nordafjelske Noreg slo etter alt å dømme seinare igjennom enn bruken hans av «Vestenfieldd» om den same regionen. Vi kan nok spore spreidd bruk av nemninga Vestlandet i første halvdel av 1800-talet, men då ser det ut til at den mest galdt dei sørlege kystområda i Agder–Rogaland. Medan landet vest for Hardangervidda var Nordlandet for folk i Telemark, var det kystområda på Agder og i det sørlege Rogaland til og med Jæren som var Vestlandet. På agderkysten kan det på den andre sida vere at folk sjølv tok vestlandsomgrepet i bruk for å markere sitt eige område i høve til landet lenger aust.

Da løytnant Pierre P. Flor i 1810 drog frå Bamble gjennom Agder til Lista og Jæren for å undersøke næringsvilkår på oppdrag frå Selskabet for Norges Vel, var det i alle høve denne sørlege delen av landet han rekna for Vestlandet i høve til Austlandet.<sup>45</sup> Her tok avisa *Den vestlandske Tidende* til å komme ut i Arendal i 1832.<sup>46</sup> I Bergen samla Wilhelm F.K. Christie gjennom ein lang årrekke fram til 1845 tilfang til eit norsk dialektleksikon. Der definerte han Vestland som «den vestlige Kant af Landet, egentlig Christiansands Stift» [utheva her],<sup>47</sup> det vil seie Agder og Rogaland.

Da Ivar Aasen gav ut *Ordbog over det norske Folkesprog* i 1850, hadde han likevel høyrte om vestlendingar ikkje berre i kystområda i sør, men òg vidare nordover i det vestafjelske. Oppslagsordet «Vestlending» står her for «Indbygger af den vestlige Deel af Norge (det Vestenfielddske). Ogsaa Indbygger af det søndenfjeldske Vestland eller Arendalsiden (Bamble og Nedenes Fogderier m.m.).» I andreutgåva av ordboka frå 1873 går Aasen enda lenger mot å gjere det vestafjelske til det vestlandske kjerneområdet. Vestlendingen er no blitt «Indbygger af 'Vestlandet', som her nærmest betegner den vestligste eller vestenfielddske Deel av Norge, men som i de østligste Egne ogsaa betegner den søndenfjeldske Kyst (eller Arendals-Siden).»

Set ein Aasens ordregistreringar i høve til tidlegare skriftleg språkbruk, ser det ut til at vestlandsomgrepet blei utvida utover på 1800-talet. Medan det tidleg i hundreåret helst blei brukt om dei sørlege og delvis sønnafjelske kystområda, var det fram mot midten av 1800-talet også komme til å omfatte heile det vestafjelske frå Rogaland og nordover. I og med at Aasen etter

#### FRÅ AUST MOT VEST

I samlinga *Ordt i Jern* (1942) diktar Claes Gill om «Sommeren vesterut» og illustrerer den geografisk-relaterte tenkemåten bak vestlandsomgrepet. Som vestlending ser han landsdelen sin frå aust; derifrå bryt han opp og drog mot fjell- og sjølandet i vest:



Jeg vil dra op og gaa, og gaa mot vest for sommeren er sval der av linn blæst og ingen steder lyser marken grønn som der. For der er regn og sol, sol og regn, og stumme stille fjæll og urgraa stein der tiden staar og staar som stod den still fra tidegry – inntil med ett: et skrik av lom som letter ut en øde vik lar ekko rulle fjæll i mellem, tungt og vildt. Og der er ørn og hjort og maar, og tropelys hvor revebjellen staar giftig skjønn. Og hvor er høiet krydret søtt som der? – Ingen steder! Ingen lang av sommersjø og lukt av tang som ut i vest – i dønnings- og tidevann.

Utsyn nordaustover det trange fjord- og eivelandskapet Åna, forbi lettstaden Åna-Sira mot Lundevatnet i bakgrunnen. Den gamle grensa mellom Rogaland/Rogalandsfylke og Agder greier her og vidare opp langs elva Sira frå Lundevatnet. Den blei seinast frå 1700-talet nytta alternativt til Lindesnes som skilje mellom det nordafjelske og sønnafjelske.

For Claes Gill, som voks opp i Døda, var revebjella eit kjenneteken på «sommeren vesterut».

# Over 20 forfattarar skriv kvar sitt stykke om Vestlandet

- Kjartan Fløgstad
- Olaug Nilssen
- Gunnar Staalesen
- Jon Fosse
- ...og mange fleire

Ein er jo knytt til Vestlandet.  
Men kva er det ein er knytt til?  
Mykje opplagt kan seiast om det og vere rett,  
men når eg skal gi eit svar eg sjølv kan tru på,  
kan eg bli sitjande og tenkje  
på nokre av bileta til  
den amerikanske fotografen Bob Robinson...

## Bob Robinson

**E**in er jo knytt til Vestlandet. Men kva er det ein er knytt til? Mykje opplagt kan seiast om det og vere rett, men når eg skal gi eit svar og sjølv kan tru på, kan eg bli siqande og tenkje på nokre av bileta til den amerikanske fotografen Bob Robinson.

Før der kan dette, dette som knyter ein til Vestlandet, rett og slett sjåst.

Merkeleg nok, kanskje, for i bileta hans – som i eit av dei kanskje mest kjende, biletet av gute-pjokken, han med luggen og resten av håret klipt rett av, ståande i fjørekanten, med fjordlandska-pet bak seg, der skylaget skjær fjella over på lag slik luggen er skoren over med saksa – er det strengt tatt ikkje motivet i seg sjølv som er det viktigaste. Det viktigaste er noko som er usynleg til stades i motivet. Det er noko som må seiast å like mykje vere fotografens, kunstnarens, som motivets verk.

Kva dette er, det veit eg ikkje. Men at det så tydeleg er der, det ser eg jo.

Og det er nettopp dette som for meg er sjølv løyndomen ved Vestlandet.

Eg seier ikkje at dette på noko vis er avgrensa til Vestlandet, eg seier berre at det for meg er lettast å få vere i dette på Vestlandet.

Og ingen, det eg veit, har fått tak i – og sjølvsvagt også i ei viss tyding skapt, eller framstilt – dette magiske noko ved Vestlandet så overtydande som Robinson, han som bar det fulle namn Robert Arthur Robinson og blei fødd i 1927 i ein liten by i California. Faren døyde då han var liten, så mora måtte òlleine ta seg av dei tre barna. Han utdanna seg til fotograf og kom til Noreg i 1952, og blei

buande i femten år. I over fire av desse åra reiste han inn og ut av kvar ein vestlandsk fjordarm (og vidare med), han var *Captured by The Norwegian*, som han sa, og det blei då òg tittelen på boka med hans fotografi frå Noreg utgitt i 1958.

Det var vel blant anna òg kjærleik og giftermål og ei dotter som fekk Robinson til å bli verande i Noreg, men skild det blei han, han gav opp fotograferinga og prøvde seg så i nokre år som antikvitetshandlar i England, hans andre ekteskap, også med ei norsk kvinne, blei oppløyst, han blei råka av hjartefarkt, fekk ein son med ein kollega, så fleire hjartefarkt, før han stille drog seg ut og bort og reiste til Portugal, der han fekk line ei hytte og blei buande i fem år. Deretter, i 1988, drog han heim for å ta seg av den lamme bror sin, der i California. Broren døyr i 1985. Året etter fekk vennen Dan Young, også amerikansk fotograf, busett i Noreg, stelt i stand ei utstilling av fotografia til Bob Robinson i Bergen, og ein del blei utgitt på nytt, i boka *Captured*, redigert av Young. I det høvet kjem Bob Robinson igjen til Noreg. Ein kveld treffer han dottera og sonen og ei tidlegare kone, blant andre. Etter ein lykkeleg kveld, med mat og vin og Beethoven, går han og legg seg, og dagen etter finn dei han død, to dagar før utstillinga hans skal opnast.

Eg veit at det bileta til Bob Robinson seier noko om, er mellom det som gjer at eg – trass alt – har lyst til å halde fram med å bu på Vestlandet, ja ikkje berre det, bileta hans seier òg noko om det som gjer at eg har lyst til å halde fram med å skrive.

Jon Fosse



ROBERT A. ROBINSON, Gutten i Lusterfjorden, 1955



... For der kan dette,  
dette som knyter ein til Vestlandet,  
rett og slett sjåast.

(Jon Fosse i bd. 3)

# Tida endrar kjønnsroller, reiskap og klesdrakt




# Industri og næringsaktiviteter skifter form






# Forlokkande bølger



Ryggraden i dette havvende landskapet er stadig båtbyggjarane, riggreparatørane, fraktefartøyeigarane og ferjemannskapa, fruktdyrkarane og tomatprodusentane. Stadig er det noko eige ved vestlandsk arbeidsliv.

(Erik Fossåskaret i bd. 2)




Bindet om  
*Natur og næring*  
handlar om samspelet  
mellom naturvilkår  
og landbruk,  
sjøbruk,  
kommunikasjon  
og industri






Bindet om  
*Samfunn*

handlar om bygde-  
samfunn og bysamfunn,  
styre og stell



## Bindet om *Kultur*

handlar om  
kyrkje og religion,  
språk og litteratur,  
biletkunst, musikk,  
scenekunst og arkitektur



Verket kjem ut 24. oktober 2006

Sjå: [www.vigmostadbjorke.no](http://www.vigmostadbjorke.no)

Kontakt Ingrid Krøvel-Velle, tlf 55 38 88 11

# Dellanseringar på tre stader måndag 23. oktober

Førde: Kulturhuset

Ørsta: Aasentunet kl 19.00

Stavanger: Arkeologisk museum kl 18.30

# Hovudlansering i Håkonshallen i Bergen tysdag 24. oktober kl 11.00

Kva med *Vestlandets Historie*  
som julegåve eller firmagåve?

Ta kontakt med Vigmostad & Bjørke  
ved Ingrid Krøvel-Velle, tlf 55 38 88 11  
for meir informasjon.